

ANNONSE

NYHEIT STAMNES HANDEL JOKER STAMNES

# Joker Stamnes feira 10-årsdag og sjølvbetjent butikk



JOKER STAMNES: Styremedlem i Stamnes Handel, Linn Janka Landås heldt tale til dei frammøtte. Frå venstre to av dei tilsette ved butikken, Wenche Vedaa og Nina Dæmring, til høgre ordførar Hege Eide Vik. Foto: Kent Amundsen

Av Esben Hesjedal

Sist oppdatert:

03.12.24 14:35



Del

I 2014 kjøpte bygdefolk og andre støttespelarar aksjar for at dei framleis skulle ha ein lokal butikk. 10 år seinare lever butikken framleis, og dette vart feira med nissemarsj, julemusikk, kveikjing av lysa i julegrana og offisiell opning av delvis sjølvbetjent butikk.

#### For abonnentar

For ti år sidan vart det samla inn over ein million kroner i aksjekapital til butikk på Stamnes. Ein stor gjeng frivillige arbeidde mange dugnadstimar for å setja lokala i stand, og Merkur-programmet og Vaksdal Næringsfond bidrog med hjelp og pengestøtte.

### **Drifta har gått bra**

På fredag heldt Linn Janka Landås, som er styremedlem i Stamnes Handel, tale for dei frammøtte til feiringa, og fortale at drifta har gått bra dei ti fyrste åra.

- Sjølv om det heilt klart kan vera litt utfordrande å drive butikk på ein mindre plass, så har dette gått bra. Me vil takka alle kundane for at de handlar på Hedlo, som det heiter, og håpar at de fortset på same måte framover, sa Landås.

### **Positiv spørjeundersøking**

Butikken arrangerte for kort tid sidan ei spørjeundersøking der dei får skryt frå dei som svara. Landås kunne smila av resultata.

- Eg må seia at det er veldig kjekt å lesa alle dei flotte tilbakemeldingane som me fekk. De som er kundar skriv at de er veldig fornøgde med butikken, vareutvalet, reinhaldet og at det fungerer som sosial møteplass. Men det var aller mest skryt de av dei tilsette, og den gode stemninga folk blir møtt med når de handlar her. Kjekt og motiverande å lesa.

---


ANNONSE



JULEMUSIKK: Kveikjing av lysa i gran på Stamnes. Blanke Messingen sytte fro julemusikk. Foto: Stig Angeltvedt

## Søndagsopen butikk

Prosjektet med å etablera delvis sjølvbetjent butikk blei først bestemt på årsmøtet i fjar. Etter det har tilsette og styret arbeidd for å etablera løysinga. Merkurprogrammet har igjen vore ein solid støttespelar og også bidratt med halvparten av pengane som skulle til.



SJØLVBETJENT: Om du identifiserar deg med eit bankkort, kan du handla på Joker Stamnes utanom dei ordinære åpningstidene. Foto: Kent Amundsen

- Me må retta ein stor takk alle som har bidrege. Me vil også få takka Vaksdal kommune og næringsfondet som denne gongen bidreg med ca. 1/4 av investeringsbeløpet. Begge desse var viktige for at me kunne gå i gang med og gjennomføra prosjektet. No ønskjer me berre at me og kan få ha søndagsopen butikk, og håpar at kommunen vil hjelpe oss å ta dette vidare. I kundeundersøkelsen me hadde, var det også stor overvekt av dei som svarte på denne som hadde ønske om at den sjølvbetjente løysinga også kunne vera open på søndagar, sa styremedlem Landås, før ho takka alle som har bidratt til at butikken er i drift, og gav ordet vidare til ordførar Hege Eide Vik.

ANNONSE

Ordføraren, som sjølv er kunde ved butikken, stod for snorklippinga og den offisielle opninga av den delvis sjølvbetjente butikken.



JOKER 10 ÅR: Styremedlem i Stamnes Handel, Linn Janka Landås, og ordførar i Vaksdal kommune, Hege Eide Vik, ventar på å få klippa snora. Foto: Kent Amundsen

Les meir om: [Nyheit](#) [Stamnes Handel](#) [Joker Stamnes](#)

Se kommentarer

---

Fleire saker

---